

**Treningskamp med 5 frå Uskedalen**

04.03.2014

**I helga har Rosendals herrelag spilt årets fyrste treningskamp - med 5 uskedelingar på laget. Det var mot Eikelandsfjorden og uskedelingane var Sondre Myklebust, Marius Myklebust, Torbjørn Steinsvik, Hermund Døssland og Hans Fredrik Zimmer. Det var eit ungt lag, truleg med ein snittalder på under 20! Og det var sæleg dei unge som imponerte. At laget stilte med 7 debutantar på A-lagsnivå lover bra for rekrutteringa framover**

Kampen bar preg av å vera den fyrste, men likevel styrte gjestane i den fyrste halvtimen. Så overtok vertane, men Rosendal tok tak att i 2. omgang og vann 3-2.

Konklusjonen vert at det offensive spelet må forbetrast sjølv om det var positivt med 3 mål på bortebane. Og om 2 veker kjem Eikelandsfjorden til ny kamp i Rosendal.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen